

I

Planprogram for Kraftkrevjande næring, Nordbygdi

01.04.2026



Dokumentinformasjon:

Forslagsstillar:	Bykle Kommune
Tittel på rapport:	Planprogram for Kraftkrevjande næring, Nordbygdi
Prosjektnamn:	Detaljregulering for Nordbygdi - med KU
Saksnummer:	2025/755
Utarbeidd av:	Planavd. v/Lars August Osmundsen, Pauline Haugen og Anne Sæther Lislevand
Prosjekteigar:	Kommunalsjef Samfunn Signe Sollien Haugå

Forord

Dette dokumentet er eit framlegg til planprogram for to detaljreguleringsplanar for etablering av kraftkrevjande næring i Bykle kommune. Planprogrammet utgjer første steg i arbeidet med reguleringsplanane og fungerer samstundes som varsling av oppstart av planarbeidet.

Formålet med planprogrammet er å skildre bakgrunn og mål for planarbeidet, og å avklare rammar og premissar for den vidare prosessen. Planprogrammet viser òg kva tema som skal konsekvensutgreiast, og korleis medverknad skal gjennomførast slik at planarbeidet får eit godt fagleg grunnlag.

Gjennom prosessen skal det leggjast vekt på open informasjon og medverknad frå offentlege instansar, grunneigarar, interesseorganisasjonar og lokalsamfunnet.

01.04.2026

Kommunalsjef samfunn

Signe Sollien Haugå

INNHALDSFORTEGNELSE

1. Bakgrunn	5
1.1. Omtale av tiltaket.....	5
1.2. Hensikt	5
1.3. Føreslagsstillar og eigeforhold	5
1.4. Krav til konsekvensutgreiingsplikt	7
2. Rammar og premissar	7
2.1. Overordna føringar og planar	7
2.2. Regionale planer og føringar	8
2.3. Strategisk næringsplan for Bykle.....	10
2.4. Andre reguleringsplanar	10
3. Planprosessen.....	11
3.1. Planprogram.....	11
3.2. Medverknad.....	11
3.3. Framdriftsplan	12
3.4. Planavgrensning og analyseområde	12
4. Omtale av planområdet	15
4.1. Lokalisering	15
4.2. Arealbruk og virksomheiter.....	15
4.3. Landskap og omgjevnad	15
4.4. Naturressursar.....	16
4.5. Kulturminne og kulturmiljø	17
4.6. Vassmiljø	18
4.7. Naturmangfald.....	19
4.8. Friluftsliv og rekreasjon	20
4.9. Andre samfunnsmessige verknader.....	21
4.10. Trafikkforhold	21
4.11. Teknisk infrastruktur	22
4.12. Forureining.....	22
4.13. Klimagassutslepp.....	22
4.14. Aktsemdsområde.....	23
5. Alternativ.....	24
5.1. Utbyggingsalternativ 0 – Dagens situasjon	24
5.2. Utbyggingsalternativ	24
5.3. Utbyggingsalternativ 1 – Holsmoen.....	24
5.4. Utbyggingsalternativ 2 – Bykilsmoen	26
5.5. Utbyggingsalternativ 3 – Utbygging av begge område.....	27
6. Utredningsbehov	28

6.1. Utredningstema og metode	28
6.2. Aktuelle problemstillinger	29
7. Kilder og referanser	30


1. BAKGRUNN

1.1. Omtale av tiltaket

Det er i gjeldande arealdel av kommuneplanen for Bykle kommune avsett to areal for kraftkrevjande næring i Nordbygdi. Dette planprogrammet omtalar prosessen med å utarbeidde detaljreguleringsplanar for begge de i to areala, på Bykilsmoen og Holsmoen. Reguleringsplanane skal leggje til rette for etablering av energikrevjande verksemd.

Plasseringa gir nærleik til eksisterande infrastruktur og verksemd knytt til Otra Kraft AS, noko som gjer området godt eigna for vidare utvikling for formålet, altså næring som krev ekstra kraft tilgjengeleg. Tiltaket skal leggje til rette for effektiv bruk av lokalprodusert vasskraft utan behov for transport over lengre avstandar.

Planarbeidet skal greie ut moglege konsekvensar for miljø, arealbruk, teknisk infrastruktur og samfunn, og danne grunnlag for vidare detaljregulering.



Figur 1. Kartutsnitt av gjeldande kommuneplan der areal for kraftkrevjande næring er avsett med lilla farge. Holsmoen lengst vest, og Bykilsmoen lengst aust.

1.2. Hensikt

Tiltaket skal bidra til næringsutvikling og verdiskaping lokalt, og samtidig styrkje Bykle si rolle som energikommune. Planen skal sikre gode løysingar for energiforsyning, miljø og teknisk infrastruktur, og leggje grunnlaget for vidare utvikling innan grøn og framtidsretta industri.


1.3. Føreslagsstillar og eigeforhold

Føreslagstillar

Kommunen er føreslagsstillar, men areala er eigd av private. Utbyggingsavtale kan vere aktuelt ved gjennomføring, og oppstart av forhandlingar om ein slik avtale blir varsla saman med oppstart av planarbeidet.


Eigedomsforhold

Arealet på Holsmoen ligg i all hovudsak på g/bnr: 14/2 (eigar Silje Marie Rygnestad Nesvaag), og med eit mindre areal på g/bnr: 12/1 (eigar Åsmund Holen). Arealet grensa inn til g/bnr: 12/13 som husar administrasjonbygg for Otra Kraft og er eigd av Otra Kraft DA.



Figur 2. Kartutsnitt av kommuneplanens arealdel der eigedomsgransene ligg på. Otr kraft DA sitt areal er avsett til kraftverksanlegg og vist med orange farge.

Areal på Bykilsmoen ligg i sin heilheit på g/bnr: 13/3, eigd av Olav Mosdøl.



Figur 3. Kartutsnitt av kommuneplanens arealdel der eigedomsgransene ligg på.

1.4. Krav til konsekvensutgreiingsplikt

For reguleringsplanar som kan få vesentlege vakningar for miljø og samfunn, skal planbeskrivinga gi ein særskilt vurdering og beskriving– konsekvensutreiing av planens verking for miljø og samfunn, jf § 4-2.

Kva for planar som er omfatta av krav til konsekvensutreiing går fram i forskrift om konsekvens utreiing §§ 6 og 8. Forskrift om konsekvensutreiing § 6 første ledd bokstav b seie at reguleringsplanar som omfattar tiltak i vedlegg I skal konsekvensutgreiast. Det er vurdert at tiltaket omfattar vedlegg I punkt. 24 “Næringsbygg, bygg for offentleg eller privat tenesteyting og bygg til allmenntilgjenge formål med et bruksareal på meir enn 15 000 m²”.

2. RAMMAR OG PREMISSAR

2.1. Overordna føringar og planar

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging (2023)

Dette forventingsdokumentet er ein samling av regjeringas viktigaste prioriteringar på planområdet for ein regjeringssperiode. Disse forventinga skal følges opp i planlegginga etter plan- og bygningsloven § 6-1. Regjeringas fem overordna perspektiva er:

1. Samordning og samarbeid i planlegging
2. Trygge og inkluderande lokalsamfunn
3. Velferd og berekraftig verdiskaping
4. Klima, natur og miljø for framtida
5. Samfunnssikkerhet og beredskap

Dokumentet inneheld 72 punkt med konkrete forventningar. Av disse er følgende vurdert som relevante for hensikta med tiltaket:

33. Det legges til rette for mer effektiv og fleksibel energibruk.

34. Det legges til rette for tilstrekkelige næringsarealer med minst mulig negative konsekvenser for klima, miljø og samfunn. Næringsarealer planlegges med et regionalt perspektiv, og energibruk, krafttilgang, gjenbruk og mer effektiv utnyttelse av eksisterende næringsarealer og infrastruktur inngår i planvurderingene.

Rikspolitiske planretningslinjer og føringar som er særleg relevante for planarbeidet:

- Statlege planretningslinjer for arealbruk og mobilitet (2025)
- Statlege planretningslinjer for klima og energi (2024)
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga (1995)
- Retningslinje for behandling av luftkvalitet i arealplanlegging (T-1520/2012)
- Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442/2021)

Føringar for datasenter

Den 27. juni 2025 lanserte Digitaliserings- og forvaltingsdepartementet ny nasjonal datasenterstrategi; *“Dataserternæringa - ei berekraftig framtidsnæring for det digitale Noreg”*. Strategien tydeleggjer datasenteranes rolle som kritisk infrastruktur og setter mål for en berekraftig, sikker og samfunnsnyttig næring. For datasenterbransjen, er dette et viktig signal om politisk vilje til å utvikle næringa vidare.

Strategien markerer ein viktig anerkjenning av datasenteranes rolle i både digital infrastruktur og grøn industriutvikling.

Mål; Det skal vere attraktivt å etablere datasenter i Noreg, og dei datasentera som blir etablerte, skal skape ringverknader i form av arbeidsplassar og lokal verdiskaping.

Regjeringa vil at Noreg skal fortsette å vere eit attraktivt land å investere i for datasenter som bidreg til verdiskaping, auka tryggleik og varetaking av norske interesser. Med denne strategien ønsker regjeringa å vidareutvikle arbeidet med tiltak som kan bidra til å vidareføre veksten i dataserternæringa, samtidig som det blir lagt til rette for at utviklinga skjer på ein berekraftig måte og i samsvar med tryggleiksmessige behov og omsyn

2.2. Regionale planer og føringar

Regionplan Agder 2030

Planen er et overordna strategisk styringsdokument for hele Agder. Formålet med planen er å utvikle Agder til ein miljømessig, sosialt og økonomisk berekraftig region i 2030 – et attraktivt utslipssamfunn med gode levekår. Planen har fem satsingsområda:

1. Attraktivt og miljøvennleg Agder
2. Berekraftig verdiskaping
3. Utdanning, kompetanse og deltagelse
4. Mobilitet
5. Kultur

Satsingsområde for berekraftig verdiskaping har syv hovedmål. Disse beskriver korleis økonomisk vekst skal fremmast. Hovedmål vurdert som relevante for tiltaket er:

2.4 Økt verdiskaping basert på bærekraftig resursforvaltning og tilgang på fornybar energi.

2.5 Regionen har smart, energieffektiv og naturvennlig produksjon, distribusjon og bruk av energi, blant annet ved å ha lagt til rette for industrietableringer i tilknytning til kraftknutepunkt.

Heieplan (2014)

Regional plan for Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei, «Heieplanen» vart vedteken i 2014. Hovudmålet med planen er å fastsette ein klar grense for eit nasjonalt villreinområde som tek ivare villreinens arealbruk til ulike årstidar. Heieplanen har fleire

omsynssonar. Aktuell omsynssona for denne planen er omsynssone for Bygdeutvikling og her gjeld følgande retningslinja:

- Villreinen sine interesser blir rekna som avklarte i denne sona ved at intensjonane og måla i Heiplanen blir gjennomførte.
- Gjeldande planstatus er styrande for vidare utvikling fram til nye planar ligg føre.
- Dette er utviklingssona der nye, større tiltak primært skal kanalisert til. Her blir planar og tiltak som fremjar ei berekraftig bygdeutvikling prioriterte.
- Tilrettelegging for friluftsliv, idrett med meir skal skje i samsvar med kommunal sti- og løypeplan.

Kommuneplanens samfunnsdel (planforslag 20.03.2024)

Visjonen for kommunen er "Bykle ser langt": Samfunnsdelen forklarar dei langsiktige perspektiva som liggje til grunn for samfunnsutvikling og tenesteproduksjon i Bykle kommune. Dette kommer fram av prioriterte satsingsområde og arealstrategiar.

Prioriterte satsingsområde syner kva som skal ha særleg prioritet i valperioden:

- Kvalitet i kommunale tenester tilpassa framtida
- Stadutvikling i Bykle
- Destinasjons- og sentrumsutvikling på Hovden
- Eit meir variert næringsliv

Dei overordna arealstrategiane er kategorisert i sosial-, økonomisk- og miljømessig berekraft. Av disse punkta er det dei nemnt under som er særleg gjeldande for reguleringsplanen.

- Hovudstruktur for næringsareal i kommuneplanens arealdel (2019) vidareførast. I tillegg skal det vurderast eigna areal for større kraftkrevjande etableringar nær kraftproduksjonsstaden i Bykle og eigna areal for lager for handverksverksemder ved Hovden
- Vurdere korleis lokalisering av næringsområda og funksjonar kan bygge opp under sentrumsutvikling i Bykle kyrkjebygd

Bykle - kommuneplanens arealdel 2018-2030, vedtatt 28.02.2019

Formåla i gjeldande kommuneplan er og områdar med framtidig næringsverksemd. I områda rundt er det i hovudsak avsett areal til LNRF, arealformål for andre typar bebyggelse og anlegg gjeldar for demninga og tilhøyrande fasilitetar.

Formål for framtidig næringsverksemd gjelder for dei to separerte områda. Disse har merknad som datalagringscenter/anna næring under nye næringsområde § 2.5.3. i kommuneplanens gjeldande planføresegner (2019).


Anna formål i område er faresone for flaum som gjeldar langs elv- og vassdrag.

2.3. Strategisk næringsplan for Bykle

Strategisk næringsplan for Bykle kommune 2025-2035 er vedteke. Gjennom samanstilling av eit kunnskapsgrunnlag om næringsliv, moglegheiter og utfordringar, kjem det fram at det vil vere viktig å gjere næringslivet lokalt meir robust framover. Bykle kommune sitt fokus innanfor næringsutvikling vil difor vere; omstilling, auka lønsemd og vekst i eksisterande næringsliv, samt vekst gjennom tilrettelegging for nye bransjar/etableringar og nye næringar som tek utgangspunkt i dei fortrinna som finst her. Tilgjengeleg kraft er sentralt. I tillegg kjem klima, natur, kultur og geografisk plassering.

2.4. Andre reguleringsplanar

Planens analyseområde treffer områderegulering for Bykle sentrum. Areala som er aktuelle er regulert til LNRF og veg med faresone for ras- og skredfare. Planen ble vedtatt 20.06.2013.



Figur 4. Kartutsnitt av analyseområdet og der denne treffer på Reguleringsplanen for Bykle kyrkjebygd. Kilde: kilden.nibio.no


3. PLANPROSESSEN

3.1. Planprogram

Tiltaket vil vere er ein områderegulering. Dette utløysa krav om planprogram og konsekvensutreiing etter plan- og bygningslova § 6.

Planprogrammet skal styrke den innleiande fasen av planprosessen og avklare behovet for utgreiingar. KU-forskrifta forutsett at planprogrammet så langt som mogleg avklarar kva forhold som vil bli utgreia og belyst i planforslag med konsekvensutredning.

Planprogrammet skal ligge ute på høyring i seks ukar. Etter at merknadar er gjennomgått skal formannskapet fastsette endeleg planprogram. Se figur 3 for illustrasjon av vidare planprosess.



Figur 5. Planprosess med planoppstart og planprogram. Kilde: T-1493 Konsekvensutredninger


3.2. Medverknad

I samsvar med krava i plan- og bygningslova kapittel 5, skal det leggast til rette for medverknad i løpet av planprosessen. Partar og offentlege instansar saka vedkjem vil bli informerte når planprogrammet er lagt ut på høyring for uttale. Informasjon vil og publiserast via annonse i avis, og publiserast på kommunens nettside.

Det vil òg bli lagt til rette for dialog med lokale interesseorganisasjonar og innbyggjarar. I den samanhengen er det ønskeleg å halde eit ope informasjonsmøte, der kommunen legg til rette for innspel frå deltakarane.


Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, mellom anna barn og unge. Grupper og interesser som ikkje er i stand til å delta direkte, skal sikrast gode moglegheiter for medverknad på annan måte jf. § 5-1. Difor skal det leggast til rette for medverknad frå barn og unge gjennom presentasjon og drøfting av planarbeidet i ungdomsrådet.

3.3. Framdriftsplan




3.4. Planavgrensning og analyseområde


Det er i planarbeidet tatt med eit analyseområdet som omfattar eit areal på om lag 2 200 dekar. Dei to areala som er aktuelle for detaljregulering er Holsmoen på ca. 40 000 m² (40 daa) og Bykilsmoen på ca. 115 000 m² (115 daa). Detaljreguleringsplanane tek utgangspunkt i arealet avsett til næring i kommuneplanen, men det kan bli aktuelt å justere arealformålet, både utvide eller redusere, undervegs i planprosessen dersom nye vurderingar tilseier det.



Figur 6: . Analyseområdet for Nordbygda, Bykle kommune. Kartet viser Hølen kraftverk, Holsmoen og Bykilmoen som referansepunkt. Kilde: Kilden.nibio.no



Figur 7: Kommuneplanen arealdel for analyseområdet.. Kilde: kilden.nibio.no




Figur 8. Planområda for dei to detaljreguleringsplanane. Avgrensinga kan bli endra undervegs i prosessen.

4. OMTALE AV PLANOMRÅDET

4.1. Lokalisering

Analyseområde med planområda ligg i Bykle kommune, sør for Bykle kyrkjebygd og øst for Bossvatn. Tilkomst til feltet er via riksveg 9.



Figur 9: Oversiktsbilde over det aktuelle feltet. Kilde: Komunnekart.no

4.2. Arealbruk og virksomheiter

Store delar av området består av urørt natur. Historisk sett har skogen blitt drifta til skogbruk, men denne verksemda er redusert i nyare tid. Då Bossvatn vart demt opp for fyrste gong i 1974, vart om lag 25 gardsbruk lagd under vatn. I samband med denne oppdemminga vart det etablert kontor for tilsyn og drift på Holsmoen for Otra Kraft. På Bykilsmoen vart det drive aktivt skogbruk fram til 80-tallet, då det vart sett i gang masseuttak i den nordlege delen av området.

Kontorbygga til Otra Kraft AS på Holsmoen er i bruk i dag. På Bykilsmoen er bruken eit masse-uttak/deponi. Det ligger ein fritidsbustad ved Holsmoen, og eit fråflytta gardsbruk på Bykilsmoen. I tillegg er det etablert ein strand med tilhøyrande fasilitetar ved Storetjønn som brukast aktivt av innbyggjarar og turistar.

4.3. Landskap og omgjevnad

Analyseområdet er stort og har eit variert terreng. Det er kupert med mykje skog og noko myr. Eirikshovden er det høgaste punktet, og ligg midt i det analyseområdet. Fjellet har bratte skråningar og skil dei to områda som er aktuelle å detaljregulere. Vest for Eirikshovden ligg Holsmoen. Holsmoen ligg i ein fordjuping av terrenget under demninga til


Bossvatn. Holsmoen og demninga er ikkje synleg frå riksvegen. Bykilsmoen ligg på ein flate mot vatnet. Deler av Bykilsmoen kan sjåast frå riksvegen. Rundt Holsmoen og Bykilsmoen er terrenget meir ope og ber preg av menneskeleg påverknad. Resten av området er skogkledd og har mindre grad av inngrep.



Figur 10: 3D visning av heile planområde for ein visuell oppfatning av terreng og landskap. Kjelde: Kommunekart.no


4.4. Naturressursar

Data om naturressursar er henta frå NGU og NIBIO. Den einaste registrering som er gjort av grus og pukk i område er på Bykilsmoen og vises i figuren nedanfor. Førekosten er på 181 dekar og har ein lokal betydning. Den austlege delen av dette området har vært nytta til uttak, men denne bruken har i seinare tid endra seg til lagring og deponi.



Figur 11. Grus- og pukkrressursar på Bykilsmoen. Kilde: NGU.no


Barskogen som dekker store deler av området har jamt over middels bonitet, med innslag av høy til svært høy bonitet enkelte stader. Fleire felt er og i hogstklasse 5 og det er drivast hogst i området. Kartet nedanfor illustrerer boniteten. Det er fleire vatn innanfor analyseområdet, både uregulerte og regulerte. Bossvatn er oppdemma og produserer vasskraft.



Figur 12: Illustrasjon over boniteten i jorda i planområdet. Kilde: Kilden.nibio.no

4.5. Kulturminne og kulturmiljø

Det er registrert 2 automatisk freda kulturminna samt ein veg og ein setervoll utan vern i området. Dei to verna minna ligg langs vatnet ved Bykilsmoen og dreier seg om ein eldre rideveg og ei kolgrop. Køyrevegen som er utan vern er eit industrielt minne og ligg ved riksveg 9 og tilkomsten til feltet. Setervollen ligg i tilknytning til ein fritidsbustad rett sør for Bossvatn. Informasjonen er henta frå Askeladden.




Figur 13: Registrerte kulturminna i analyseområdet. Kilde: Kilden.nibio.no

4.6. Vassmiljø

Anayseområdet ligg i tilknytning til Bossvatn, Floslivatnet og Bykil, som alle inngår i Otravassdraget. I tillegg ligg det to mindre tjørn mot nord i området. I følgje Vann-nett har desse status som moderat til god økologisk tilstand. Det er ikkje registrert særskilt verdifulle akvatiske artar innanfor analyseområdet, men områda har potensial som leveområde for mellom anna aure og andre ferskvassartar som finst i Otravassdraget.

Området er påverka av Holen og Skarg kraftverk som begge slipp vatn ned i Bossvatn etter bruk. Bossvatn fungerer sjølv som eit inntaksmagasin for Brokke kraftverk (Otra Kraft AS, 2024). Kraftverkstunneler går under terrenget frå Bossvatn til mellom anna Bykil og Sarvsfossen.

Fleire av vassførekomstane i feltet er regulerte, og overvasshandtering og flaumtryggleik skal derfor vurderast nærare i det vidare planarbeidet.



Figur 14 .Kartutsnitt som viser vasskraft og kraftleidningar over og under terrenget. Kilde: Kommunekart.no


Bykjil er verna vassdrag i Verneplan I av 1973. Vernegrunnlag: innsjø i øvre del av Otravassdraget. Innsjøen sin landskapsverdi og ønske om å unngå ytterlegare store og omfattande inngrep. Viktig for friluftslivet. Restfelt i eit elles sterkt utbygd område for vasskraft. Overløp og påslepp av vatn frå Bossvatn med låg temperatur til Bykjil påverkar vatnet og vassdraget nedstrøms i dag.

4.7. Naturmangfald


Det er gjennomført ein NiN-kartlegging av analyseområdet. Kartlegginga vart gjennomført i tråd med Miljødirektoratet si rettleiing (NiN), og rapporten ligg ved planprogrammet

Norsk Villreinsenter har utarbeidd fleire kartlag som estimerer villreinområde. Eitt av desse karta viser villreinen sitt leveområde, og dekkjer delar av det aktuelle analyseområdet i vest. Det er viktig å presisere at desse kartlaga ikkje er politisk vedtekne, slik som heieplanen, men er estimert ut frå forvaltningsfaglege vurderingar og tilgjengeleg kunnskap.

Figurane nedanfor visar analyseområdet saman med villreinsenteret sine kartlag, og heieplanen sine område. Figurane illustrerer ulikeheita mellom dei ulike planane.



Figur 15: Villreinsonar frå Norsk villreinsenter.
Kjelde: Kilden.nibio.no



Figur 16: Heiplan Kilde: Kommunekart.no

4.8. Friluftsliv og rekreasjon

Planområdet inngår ikkje i Miljødirektoratet si kartlegging over verdisette friluftsområde, og det er heller ikkje registrert merka stiar eller særleg aktivitet i sjølve området, verken på UT.no eller Strava. Likevel ligg planområdet i nærleiken av fleire viktige friluftsområde. Nordbygdevegen, som går gjennom planområdet, fungerer som tilkomst til Urevatn i Setesdal Vesthei–Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Området rundt Urevatn har mange populære turmål som kan nåast via Urevassvegen. I 2023 vart denne vegen stengt for allmenn motorisert ferdsel, og berre fastbuande i Bykle kommune kan køyre bil inn. Mange nyttar likevel sykkel for å komme seg opp på høgfjellet.

Det er også kjent at delar av området mot sør vert aktivt nytta av lokalbefolkninga. Det er mellom anna opparbeidd ein sti som følgjer strandsona langs Bykil på Bykilsmoen. Under synfaring vart det også observert fleire teikn til aktivt friluftsliv, som bål plassar og båtar. Området har såleis ein lokal verdi som nærtuområde, men er ikkje eit regionalt viktig friluftsområde.



Figur 17: Urevassvegen på veg inn mot Urevatn



Figur 18: Sti og utsikt over Bykil på Bykilsmoen

4.9. Andre samfunnsmessige verknader

Bykle kommune har eit næringsliv som i stor grad er basert på vasskraftproduksjon og reiseliv. Kraftinntekter og hytteutbygging har vore svært sentralt i den lokale verdiskapinga. Bykle har produsert vasskraft i over 100 år, og kraftinntekta har blitt brukt til investering i infrastruktur, næringsverksemd og samfunnsutvikling. Krafta frå Bykle gir ca. 4,5 TWh årleg, det tilsvarar 4 % av Noregs produksjon.

Auka press på naturen krev nytenking og omstilling. Kommunen ønskjer eit meir variert næringsliv. Dette kan gjere Bykle meir attraktivt og robust, for å styrkje grunnlaget for fast busetjing og bidra til fleire heilårs- og kompetansearbeidsplassar.

4.10. Trafikkforhold

Planområdet har tilkomst frå riksveg 9. Tilkomsten ligg i ein sving og har moderate siktforhold, særleg ved innkøyringa til området. Kart frå Statens vegvesen viser at strekninga ved innkøyringa ikkje er særleg utsett for ulukker eller viltpåkøyrslar. Frå analyseområdet til Bykle kyrkjebygd er det 2,5 km. Det er åtskilt gang- og sykkelveg frå kyrkjebygda til innkøyringa. Ved tilkomst til planområdet er det to vegar. Den eine er Nordbygdevegen, den andre er Bykilsmoen.

Nordbygdevegen går mot Holsmoen og Bossvatn. Dette er ein asfaltert privat veg. Veggen blir nytta i samanheng med verksemda for vasskraft. Den blir også nytta av privatpersonar. Veggen er svingete og smal, men i relativt god stand. Veggen er også brukt for tilkomst til badeplassen på Storetjønn. Veggen som går ned til Bykilsmoen i sør, er kategorisert som ein skogsbilveg og er privat. Dette er ein grusveg og nyttast som tilkomstveg til Bykilsmoen.

I det vidare planarbeidet kan det være aktuelt med ein trafikkvurdering for å avklare behov for siktforbetring, skilting eller eventuelle fartsavgrensingar.


4.11. Teknisk infrastruktur

Det går fleire kraftliner med distribusjonsnett i området og transmisjonsnett både nord og sør for planområdet. Det er to trafo i planområdet, en på Holsmoen og en på Bykilsmoen, Kommunalt vatn og avlaup er etablert om lag 600 meter nord for feltet.

Vegen i område har låg standard og må eventuelt bli oppgradert. Det er ikkje offentleg vatn- og avlaupsnett i området.

4.12. Forureining


Feltet ligg ikkje innanfor støysona frå riksvegen. Ifølgje Naturbase er det ikkje registrert forureina grunn, men førekomsten av radon er til tider høg fleire stader i planområdet.



Figur 19: Radonforekomst i planområdet. Kjelde: Kommunekart.no

4.13. Klimagassutslepp


Bykle kommune hadde et utslipp på 6849,8 tonn CO₂ i 2023. Hvor de største utslippene kom fra veitrafikk.



Figur 20: Oversikt over Klimagassutslepp i Bykle gjennom 14  r. Kilde: Milj direktoratet.no

4.14. Aktsemdsomr de

I temakart fr  NVE (figur 20) kjem det fram aktsomheitsomr de for b de sn skred og flaum. Heile Bykilsmoen ligg innanfor eit aktsomheitsomr de for flaum, medan dei  vrege flaumomr da er knytt til dei eksisterande vassf rekomstane. Under toppen av Erikshovda er det aktsomheitsomr de for sn skred b de mot nord og s r. St rre delar av omr det mot nord ligg innanfor aktsomheitssona for sn skred.



Figur 21: Aktsomheitsomr der i planomr det. Kjelde: Kilden.nibio.no

5. ALTERNATIV

5.1. Utbyggingsalternativ 0 – Dagens situasjon

0-alternativet vert definert som den noverande miljøtilstanden i planområdet dersom dagens situasjon vert vidareført, og det ikkje vert lagt til rette for det planlagde tiltaket med datalagringscenter og tilhøyrande støttefunksjonar i planområdet. Dette alternativet skal brukast som samanlikningsgrunnlag for å vurdere kva konsekvensar tiltaket vil medføre.


Analyseområdet omfattar i dag eit variert areal med både tekniske inngrep og naturpreg. Terrenget er småkupert, og delar av arealet har preg av tidlegare inngrep knytt til kraftanlegg og vegbygging. Det er tre fritidsbustader i området, samt eit næringsområde knytt til Otra kraftverk, eit damanlegg knytt til Bossvatn og tilkomstveg. I tillegg ligg det eit tidlegare masseuttak på Bykilsmoen i sør. Resten av planområdet består hovudsakleg av barskog, open fastmark og ferskvatn.

5.2. Utbyggingsalternativ


Utbyggingsalternativa tek utgangspunkt i eit arealbruk på om lag 250 dekar for etablering av kraftkrevjande næring. Tiltaket bør tilpassast til terreng og natur, ved å sette konkrete krav til tak og fasade. Trong for energi gjev at tiltaket må ligge i nærleiken til Skargen kraftverk og Holen kraftstasjon. Ei utbygging av dei to områda vil samle store delar av den tekniske og energirelaterte næringa i Bykle på eitt stad.

5.3. Utbyggingsalternativ 1 – Holsmoen

Alternativ 1 ligg på Holsmoen, sør for Bossvatn, og omfattar om lag 260 dekar. Utforminga er terrengtilpassa så langt det let seg gjere, med omsyn til å unngå damanlegget i vest og inngrep mot Floslivatnet i sør. Den delen av Floslivatnet som grensar til planområdet mot nord, er ikkje naturleg utforma og kan difor vurderast utfylt, slik at utforminga av avgrensinga vert noko meir samanhengande. Dette bør undersøkast nærare, men kan vere eit alternativ som sparar Nordbygdvegen for inngrep. Figur 22 visar eit flyfoto av feltet frå 1957, medan figur 23 illustrerar dagens situasjon. Planavgrensinga overlappar kontorbygga tilhøyrande Otra Kraft. Mot vest ligg det òg eit hyttetun med fleire bygningar knytte til same eigedom. Eit planert område på om lag 1,2 dekar bak dei eksisterande bygningane er kartlagt som slåttemark. Området har eksisterande veg og kort avstand til straum og kommunalt vann og avløp.



Figur 22: Kartutsnitt over alternativ 1. Kilde: Kilden.nibio.no



Figur 23: 1957. Kilde: Kommunekart.no



Figur 24: 2024. Kilde: Kommunekart.no



Figur 25: Kontorbygga til Otra kraft på Holsmoen



Figur 26: Fritidsbustad med slåttemark i bakgrunn

5.4. Utbyggingsalternativ 2 – Bykilsmoen

Alternativ 3 ligg på Bykilsmoen, mot sør i planområdet, og omfattar om lag 254 dekar. Halvparten av arealet er allereie regulert til næring. Ved synfaring kjem det tydeleg fram at delar av dette området har vore nytta som tidlegare masseuttak, og at det i dag vert brukt til mellombels lagring av asfalt og naturlege massar. Mot søraust ligg eit større skogsområde som vart hogd for nokre år sidan. Bilete frå synfaringa av næringsområdet og skogsområdet er vist i figur 25 og figur 26

I vest ligg eit eldre bustadhus rett utanfor planavgrensinga. Huset står ubebudd, men det er i nyare tid gjort oppgraderingar som kan tyde på noko bruk. Langs søraustre del av området renn Otra ut i Bykil, som grensar til heile den sørlege delen av det avgrensa området. Bykil er ein del av det øvre Otravassdraget og har høg verdi for friluftsliv og landskapsoppleving, då det fungerer som eit roleg og lett tilgjengeleg rekreasjonsområde i eit elles sterkt vasskraftutbygd område. I 1972 vart derfor vatnet verna mot vidare inngrep gjennom Verneplan for vassdrag i Agder (Noregs vassdrags- og energidirektorat [NVE], 2023).

Området er i hovudsak flatt og har ikkje registrerte viktige naturtypar eller særskild verdifulle artsførekomstar. Det ligg nær riksvegen noko som gir enkel tilkomst for transport og infrastruktur, men samtidig krev tiltak for å skjerme mot støy og visuell påverknad. Alternativ 3 er teknisk gjennomførbart og med god tilgang til eksisterande infrastruktur, men kan kome i konflikt med omsynet til landskap og friluftsliv rundt Bykil.



Figur 27: Kartutsnitt over alternativ 2. Kjelde: Kilden.nibio.no



Figur 28: Tidligere masseuttak og regulert til næring



Figur 29: Hogd skogsområde avsatt til LNRF

5.5. Utbyggingsalternativ 3 – Utbygging av begge område

Det tredje alternativet er at å utvikle begge områda, alternativ 1 og 2, vidare for kraftkrevjande næring.

6. UTREDNINGSBEHOV

6.1. Utredningstema og metode

Reguleringsplanen skal ha konsekvensutgreiing. Føremålet med dette er å sikre at omsynet til miljø og samfunn vert teke vare på under utarbeidinga og gjennomføringa av planen (jf. plan- og bygningslova § 4-2 og forskrift om konsekvensutgreiingar av 21.06.2017). Hensikta med utgreiinga er å synleggjere dei konsekvensane tiltaket vil medføre og vurderingane vil bli gjorde ved samanlikning med 0-alternativet.

I oversikta under er dei fagfelte og temaa som skal vurderast eller utgreiast lista opp. For kvart tema er det markert kva utgreiingsnivå som er venta: eiga fagrapport eller vurdering som del av planomtalen. Til saman utgjer dette konsekvensutgreiinga.

Tema som ikkje vert handsama gjennom eigne fagrapportar skal likevel konsekvensutgreiast i tråd med krava i forskrift om konsekvensutgreiingar (§§ 17–18) og Miljødirektoratet si rettleiing M-1941.

TEMA DET SKAL UTARBEIDES EGEN FAGRAPPORT FOR		
Tema	Kva skal utgreiinga innehalde?	Eksisterande dokumentasjon
Naturmangfald	- Naturkartlegging etter miljødirektoratets instruks (NiN). Arter samt viktige naturtypar vurdert i verdi.	- Naturbase.no - Artskart.no - Synfaring
Villrein	- Vurdering av korleis tiltaket vil påverke villreinen blir gjort i samband med arbeid med ny arealdel av kommuneplanen (2026)	- Villreinsenteret sine kartlag, Heiplanen, Setesdal Vesthei-Ryfylke villreinområde.
ROS – analyse	- Samla risiko- og sårbarheits vurdering for naturfare, teknisk risiko og tryggleik.	- NVE - NGU løsmassekart - Skredatlas NVE
TEMA SOM KUN SKAL BESKRIVES OG ILLUSTRERES I PLANBESKRIVELSEN		
Tema	Kva skal planomtalen innehalde?	Eksisterande dokumentasjon
Naturressursar	- Skog- og jordbruksareal, beite, eventuelle mineralressursar. - Bruk og verdsetting av ressursane	- NIBIO kilden - NGU.no
Vassmiljø	- Påverking på vassmiljø i og rundt tiltaket. - Bossvatn si kapasitet ved ei eventuell utfylling / temperaturendring si tyding for vassmiljøet.	- Vann-nett.no - NVE
Landskap	- Korleis landskapet ser ut i dag og kva påverking tiltaket vil ha - Tilpassing og synlegheit	- Kommunekart.no - NIBIO Kilden - Synfaring - Høydedata
Friluftsliv og rekreasjon	- Lokalt bruk av området, - Stiar og tilgjenge - Verdi som nærturområde.	- UT.no - Strava - Lokalkjennskap

Kulturminne og Kulturmiljø	- Registrerte kulturminne, fornminne og eventuelle kulturmiljø. - Vurdering av trong for ny kartlegging	- Askeladden.no, - Kommuneplan - Synfaring.
Andre samfunnsmessige verknader	- Sysselsetjing, næringsutvikling og andre ringverknader - Det grønne skiftet	- Kommuneplan - SSB - Lokalkunnskap
Teknisk infrastruktur	- Vatn, avløp, straum og fiber i området. - Behov for tilknytning og kapasitet	- Kommunekart. - Otra Kraft - NVE atlas
Forureining	- Potensiell støy frå tekniske installasjonar og anleggstrafikk	- Miljødirektoratet (støykart) - NVE - Synfaring
Klimagassutslepp	- Eventuelle klimagassutslepp	- Miljødirektoratet
Trafikkforhold	- Trafikkvurdering for å avklare behov for siktforbetring, skilting eller eventuelle fartsavgrensingar	- Vegvesenet.no - Kommunekart.no

6.2. Aktuelle problemstillingar

Som eit resultat av vurderinga om korleis tema som skal følges opp har det blitt avklart nokon problemstillingar som kan bli aktuelle i løpet av planprosessen. Dette er ein midlertidig liste som kan endrast undervegs.

Areal og tilpassing

Tiltaket vil vere arealkrevjande. Dette krev god tilpassing slik at utbygginga skjer på ein måte som tek omsyn for omgivande struktur og landskap.

Naturmiljø

Analyseområdet er eit større område enn dei to areala. Dette for å kunne vurdere fleire alternativ og best mogleg utforming av areal for kraftkrevjande næring. Enkelte stader viser teikn på seterdrift frå tidlegare besetningar som tyder på verdifull natur. Det er fleire deler av område med tidvis svært gamal skog. Det er viktig å unngå at lokaliseringa kommer i konflikt med verdifull natur

Villrein

Noko av analyseområdet overlappar villreinens leveområde. I kva grad vil tiltaka påverke dette?

Trafikkforhold

Konfliktar mellom gåande, syklande og harde trafikantar, spesielt i starten av Nordbygdvegen der Storetjønn er ein svært populær badeplass. Trong for oppgradering av veg blir eit viktig tema.

Samfunnssikkerheit

Handtering av flaum- og rasfare må avklarast.

Vassmiljø

Forhold som kan påverke vassmiljøet er mellom anna etablering av tilkomstveg, planering av terreng, etablering av vasskjøling til nytt anlegg, akutt forureining i driftsfasen, samt avrenning/utslepp i anleggsperioden.

Kraftbruk

Større utnytting av lokal kraftproduksjon og konsekvensane av dette. Synergjar og sirkulær økonomi. Behov for oppgradering av nett og nettstasjonar.

Samfunnsnytta

Vurdering av tiltakets samfunnsnytte for Bykle kommune.

7. KILDER OG REFERANSER

Kommunal- og distriktsdepartementet. (2021). *Rettleiar om konsekvensutgreiing for planar etter plan- og bygningslova*. Regjeringa.no.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/veileder-om-konsekvensutredning-for-planer-etter-plan-og-bygningsloven/id2864622/?ch=2>

Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023-2027

<https://www.regjeringen.no/contentassets/d71a3e61e774485fb4a98cab9255e53f/no/pdfs/nasjonale-forventninger-2023-2027-bokmaal.pdf>

Regional plan Agder

https://agderfk.no/f/p1/i8b5bd143-1620-4b33-808f-87e36cc3c65d/regionplan-2030_med-regional-planstrategi-2024-2027_pdf.pdf

Otra Kraft AS. (2024). *Botsvatn*.

<https://www.otrakraft.no/magasin/botsvatn-article330-1073.html>

Bykle kommune. (2024). *Kommuneplanens samfunnsdel 2024–2036* [PDF-dokument].

https://bykle.kommune.no/f/p1/i9b144ba9-a003-4001-bd59-d27e6b8fb5a7/bykle-kommune-kommuneplanens-samfunnsdel_020524_4-lav.pdf

Kartverket. (2025). *Kommunekart.no*

<https://kommunekart.com/proff>

Norsk institutt for bioøkonomi, NIBIO. (2025). *Kilden – Arealinformasjon*

<https://kilden.nibio.no/?topic=arealinformasjon&zoom=0&x=383375&y=7219344&bgLayer=graatone>

Miljødirektoratet. (2025). *Samanstilling av utgreiingstema*

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/arealplanlegging/konsekvensutredninger/metode-for-utredning/sammenstille-utredningstema/>

Miljødirektoratet. (2025). *Utslipp av klimagasser i kommuner og fylker*.

<https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/klimagassutslipp-kommuner/?area=661§or=-2>

Norges vassdrags- og energidirektorat, NVE. (2023). *021/2 Bykil – Verneplan for vassdrag i Agder*.

<https://www.nve.no/vann-og-vassdrag/vassdragsforvaltning/verneplan-for-vassdrag/agder/021-2-bykil/>

